



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 30.08.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.35 – 14.10

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 22.08.2017, og møtet var kunngjort i pressa 20.06.17.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10.55-11.00, kl. 11.30 - 11.50 og frå kl. 12.50.13.00.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|-------------------------|-------|--------------|
| Øyvind H. Oddekalv | AP | Ordførar |
| Nils Marton Aadland | H | Varaordførar |
| Anne Grete Eide | AP | Medlem |
| Sigmund Larsen | FrP | Medlem |
| Marit Samnøy Jøssang | KRF | Medlem |
| Silje Ingelin Sæterstøl | V | Medlem |
| Sølvi Knudsen | SP | Medlem |

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen. Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal møtte til sak 89 og 90.

Protokollførar: Randi Hilland

31. august 2017

Øyvind H. Oddekalv
Ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|---|
| 81/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 82/2017 | Godkjenning av møtebok |
| 83/2017 | Referatsaker |
| 84/2017 | Aktuelle saker |
| 85/2017 | Orientering av rådmannen |
| 86/2017 | Orientering om status kommunestruktur |
| 87/2017 | Gamle Husebø skule - disponering av salssum |
| 88/2017 | Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp |
| 89/2017 | Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema |
| 90/2017 | Uttale til høyring av planprogram for kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2018-2035) |

81/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

FS - 81/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

82/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok frå møte 14.06.17 vert godkjent."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

FS - 82/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Møtebok frå møte 14.06.17 vert godkjent."

83/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang refererte skriv nr. 6.

Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:

Meland kommune viser til søknad frå Redd Barna og vil støtta søknaden med kr. 5000,-.
Beløpet vert tatt frå disposisjonsfondet.

Avrøysting:

Framlegget frå Marit Jøssang fekk 6 røyster for, (KrF, 2 AP, H, SP, V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

FS - 83/2017 VEDTAK:

Meland kommune viser til søknad frå Redd Barna og vil støtta søknaden med kr. 5000,-. Beløpet vert tatt frå disposisjonsfondet.

Meldingane vert tekne til orientering.

84/2017: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar orienterte om følgjande:

- Ei lovendring inneber at vigselsmynde overførast frå tingretten til kommunane. Ordførar, varaordførar, politikarar og tilsette som kommunestyret gir slik mynde kan vie. Endringa gjeld frå 01.01.2018.
Må få på plass eigna lokale. Sak opp i kommunestyret.
- Fellesmøte mellom Meland og Lindås kommune om framdrift E 39 Flatøy-Eikefettunnelen. Informasjon om framdrift vil verte gjeve på slike fellessamlingar.
Vil sende eit felles høyrings svar.
- Næringsplan for kommunen er i god prosess.
Har hatt eit møte - fått ein del innspel.
Formannskapet vil få planen opp på neste møte.
- Har hatt oppstartseminar interkommunal akvakulturplan for region Nordhordland.
Har fått midlar til dette. Kommunestyret må avgjere om kommunen skal være med i dette planarbeidet.
- Har hatt møte med Telenor om fiber/mobil. Telenor er interessert i å kome i dialog med kommunen korleis ein kan få betre dekning. Enklast å byggje ut fiber. Søkt om midlar til dette.
- Rullering av kommuneplan skal opp i løpet av hausten. Må få inn ein fagperson i spørsmålet om habilitet i forkant eit kommunestyremøte.
- Sambandet Vest - Eigarskap og strategi.

Formannskapet vedtok samrøystes å lukke møtet med tilvising til Kommuneleova § 31.5 ved denne orienteringa.

Sigmund Larsen, som medlem i styret vart samrøystes erklært inhabil med tilvising til forvaltningsloven § 6.e.2 ved denne orienteringa og gjekk frå.

- Nordhordlandspakken er sendt til Stortinget for behandling.
- Sølvi Knudsen stilte spørsmål om kor langt ein var kome i reguleringsprosessen Fosse-Moldekleiv og Fløksand-Vikebø.
Når det gjeld Fløksand-Vikebø så vil Statens vegvesen bestemme traséval i løpet av september.
Ordførar har teke opp sak om framdrift og vegbreidde på strekkja Fosse-Moldekleiv med Fylkeskommunen som vegeigar, og bede om at den godkjende reguleringsplanen frå 2009 blir brukt som utgangspunkt.

Frekhaug-krysset - oppstart 2018, ser på ulike alternative løysingar.

FS - 84/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

85/2017: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte:

- Innfartsparkeringsplass og ny gangveg ned til kaien er nesten ferdigstilt. Ekstrakostnad med opparbeiding av fortau. Framlegg til inndecking kjem vi attende til.
- Kontormodul på plass på sjukeheim - ferdigstilt i løpet av veka.
- Vasscooterforskrift sendt til Regionrådet for spørsmål om samarbeid.
- Rutiner for miljøsertifisering av rådhuset er på plass.

Sigmund Larsen:

- etterlyste merking av fotgjengerovergang ved Meland ungdomsskule. Rådmann vil ta det opp med teknisk avdeling.

Marit Jøssang:

- Ønskte status på situasjonen på Meland sjukeheim og i heimetenesta. Rådmann har hatt møte med styrar og leiarar. Rekrutert i 6 heile stillingar. Prosjektet "open omsorg" verkar veldig bra. Per i dag har vi ingen venteliste på sjukeheimen og ingen liggedøgn på sjukehus. Til neste møte skal formannskapet få oppdatert status på stoda.

Anne Grete Eide:

- Er det eit kapasitetsproblem med vedtak på avlasting? Det har ikkje vore problem denne sommaren.

Kari Anne Iversen:

- Det vert skrive arbeidsavtale på støtteoppdrag på meir enn 5 t/v - medfører økonomiske konsekvensar.

FS - 85/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

86/2017: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om følgjande:

- Førebuaunde fellesnemnd skal ha arbeidsseminar 4. og 5. september
- Har avslutta samarbeidet med BDO.

- Budsjetansvar i ny kommune
Prosess ved tilsetjing av programansvarleg/ny rådmann.

Formannskapet vedtok samrøystes å lukke møtet med tilvising til kommuneloven § 31.3

FS - 86/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

87/2017: Gamle Husebø skule - disponering av salssum

Rådmannen sitt framlegg:

«1. Formannskapet finn ikkje grunnlag for å overføre deler av salssummen ved sal av Husebø gamle skule til Husebøkrinsen Bygdelag».

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Saka blir utsett. Ordførar/rådmann blir beden om å gå i dialog med bygdelaget før saka kjem opp til ny handsaming i formannskapet.

Ved handsaming av saka vedtok formannskapet samrøystes å lukke møtet med tilvising til Kommuneloven § 31.5.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 87/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka blir utsett. Ordførar/rådmann blir beden om å gå i dialog med bygdelaget før saka kjem opp til ny handsaming i formannskapet.

88/2017: Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp. Innkjøpsrutinen gjeld for heile kommunen.»

30.08.2017 FORMANNSKAPET

FS - 88/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp. Innkjøpsrutinen gjeld for heile kommunen.»

89/2017: Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet varslar oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jf. Plb. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi. Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring med minst seks veker høyringsfrist, jf. Plb.§ 11-13.

30.08.2017 FORMANNSKAPET

Det vart gjort framlegg om nokre redaksjonelle endringar. Desse redaksjonelle endringane vart samrøystes vedteke.

FS - 89/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet varslar oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jf. Plb. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi og redaksjonelle endringar. Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring med minst seks veker høyringsfrist, jf. Plb.§ 11-13.

90/2017: Uttale til høyring av planprogram for kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2018-2035)

Rådmannen sitt framlegg:

Lindås kommune har utarbeida eit godt planprogram som tek i seg utfordringane som må løysast i planområdet. Meland kommune vil understreke tydinga av det blir samarbeida på tvers av kommunegrensar for å løyse nokre av dei regionale utfordringane. Dette gjeld særleg tema knytt til

å styrkje forbindelsane for gåande og syklende. Vidare gjeld det målet om å sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv, rekreasjon og å sjå næringsutvikling i eit overordna perspektiv. Dette vil skape eit godt bu og arbeidsplassmiljø knytt opp til regionsenteret i framtida som Alver kommune.

30.08.2017 FORMANNSKAPET

FS - 90/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Lindås kommune har utarbeida eit godt planprogram som tek i seg utfordringane som må løysast i planområdet. Meland kommune vil understreke tydinga av det blir samarbeida på tvers av kommunegrensar for å løyse nokre av dei regionale utfordringane. Dette gjeld særleg tema knytt til å styrkje forbindelsane for gåande og syklende. Vidare gjeld det målet om å sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv, rekreasjon og å sjå næringsutvikling i eit overordna perspektiv. Dette vil skape eit godt bu og arbeidsplassmiljø knytt opp til regionsenteret i framtida som Alver kommune.
